



Arne Nordeide
Radøyvegen 1314
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11548 - 20/46372

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
16.07.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 455/21 Kartveit

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 455/21
Tiltakshavar: Arne Nordeide

Alver kommune har den 12.06.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 04.06.2020 vart registrert høgt nivå og ein overfylt septiktank på eigedommen din, med adresse Radøyvegen 1314, 5936 Manger. Høgt nivå kan skuldast auke i bruk eller at røyrret kan vere tett. Tette røyr kan føre til at det blir fare for forureining av grunnen rundt tanken. Same avvik vart meldt frå Norva 24 AS i 2018, sjå sak nr. 18/1576 i tidlegare Radøy kommune. Tilstanden er ikkje utbetra.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 16.09.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggjarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når tanken er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Arne Nordeide

Radøyvegen 1314

5936

MANGER